

Kyrjeklokka

Nr 3 - 2020

Kyrkeblad for Indre Nordfjord

84. årgang

Annonsering i
Kyrjeklokka



Bombeneset i Oppstryn



Ny serie:

"Samtale med..."



Kyrkebøkene
er viktige



Ny prost i
Nordfjord



Friluftsgudstenester
i vakker natur



Antemensalet vart
veggteppe



HC- toalett ved
Nordsida kyrkje



Sommarkonsert i
Olden kyrkje



Oktober 2016 Foto Simen Gald

«Gjev oss i dag vårt daglege brød»

av Matias Austrheim



Vikarprest i Hornindal Matias Austrheim. Glopparen og Nordfjordingen som vart sokneprest i Davik og Bremanger i 12 år, deretter sokneprest i Ørsta i 27 år og som no er pensjonist.

Det er haust. Og vi haustar. Trea bugnar av plover, pærer og eple. I alle fall er det slik på garden eg kjem frå i fruktbygda på Austrheim i Gloppen. Rundt på gardane her i bygdene i Stryn og Hornindal er sauene snart sankar heim frå fjellet. Og det er tid for hjortejakt! Hausten sitt store eventyr for mange. Og i fjordane og ute i havet hentar vi opp ufattelege fiskeri-ressursar. Ja, vi haustar av jorda og naturen sine veldige rikdomar.

På ein stor internasjonal miljø-konferanse sa ein utanlandsk delegat: «Gode nordmenn! Den største ressursen i Norge er ikkje oljen men det reine vatnet!»

I kyrkjene våre held vi hausttakke-gudstenester. Det er rett og godt. Og i heime bed vi bordbøn - eller vart bordbøna kanskje borte etter kvart som rikdommen og velstanden auka ?

I Bibelen og vår kristne tru har vi lært å takke Gud for livet og vårt daglege brød. Vi trur på Skaparen, livgjivaren!

Det åndelege livet og det materielle og fysiske er to sider av same sak. Som kristne og truande menneske takkar og prisar vi Gud for alle gaver, heile livet. Kropp, sjel og ånd, frelse og helse er to sider av livet vårt

her i verda.

«Eg lyfter augene mine opp til fjella. Kvar kjem mi hjelp ifrå? Mi hjelp kjem ifrå Herren, han som skapte himmel og jord.» (Salme 121)

Difor, godt folk, lat oss ikkje gløyme bordbøna men takke og prise Gud for alle gode gaver vi får hauste i desse dagar.

Frans av Assisi var rikmannsonen i Toscana som ga avkall på farsarven og delte ut all sin materielle rikdom til dei fattige, og levde i nærkontakt med livet i natur og skaparverk. Han ga oss Solsangen (Norsk Salmebok, nr 290):


*Takk, gode Gud, for moder jord,
hun gjør oss ett med alt som gror.
Hun bærer trær og blomster frem,
og smykker by og land med dem.
Halleluja, Halleluja, takk for alle dine under.*

*Syng, dag og natt! Syng, hav og jord!
Vi priser Gud i samstemt kor:
Du er så rik, vi ser deg nå,
Du bøyer deg mot alle små.
Halleluja, Halleluja, takk for alle dine under.*



HC- toalett ved Nordsida kyrkje

av Rune Berglid



Rune Berglid framfor "framtidsdøra"

Nordsida kyrkje manglar handicaptalett. Dei eksisterande toaletta ligg lite tilgjengeleg i kjellaren på bygget. Dette har stått på prioriteringslista for nye investeringar i fellesrådet i mange år og ligg no øvst på lista.

Samtidig med bygging av gravplassen, såg soknerådet og fellesrådet det naudsynt og sjå dette i samanheng ettersom gravfeltet låg tett innpå kyrkjebygget og entrepenøren skulle inn i bygget for EL og VVS tilkoblingar. I tillegg har det vore vassinntrenging i kjellaren då det tidligare har vore mura og støypt direkte mot fjellgrunnen utan skikkelig drenering rundt. Både prosjektleiaren frå Stryn kommune og entrepenøren såg dette som fornuftig å gjere no når ein arbeidde i same området.

Soknerådet i samarbeid med fellesrådet snudde seg rundt og fekk fortgang i planane. Men ettersom fellesrådet ikkje har fått tildelt midlar frå kommunen til dette arbeidet, så har Nordsida sokneråd vore nødt til å forskuttere dette arbeidet.

Det er Rune Nordvik frå Nordplan som er arkitekt i prosjektet.

Som resultat av dette har Vinsrygg maskin bygd ei kjellarbod med betongplate på, ved enden av kyrkja, for framtidig HC-toalett til kyrkja. Dette vart også forskuttert av soknerådet. Fundamentet og teikningane ligg klare, men finansiering manglar. For å få dette realisert så fort som mogeleg, ynskjer soknerådet å bidra med delfinansiering. *Difor er det starta innsamling på Spleis.* Der det planlagde handicaptalettet skal vere, har kunstnaren Magne Viggo Kristiansen måla ei naturtru dør på veggene som skal skifte farge frå raud til grøn og ledig, når midlane er i boks. Dei totale kostnadane med tilbygget er forventa å ligge rundt 800.000 kroner. Nordsida sokneråd garanterer økonomisk medverknad med eit bidrag på inntil 100.000 kroner, for delfinansiering og bygging av toalett med universell utforming i Nordsida kyrkje. Toalettet blir særleg tilpassa menneske med nedsett funksjonsevne.

– Vi ser det som svært nødvendig at arbeidet med å få universell utforming på dette feltet i kyrkja vår startar så fort som mogeleg, for at alle skal få tilgjenge til kyrkjelege aktivitetar, skriv soknerådet i ein e-post til Stryn Kyrkjelege fellesråd.

Soknerådet håpar at kommunen støttar opp under dette engasjementet frå soknerådet og innsamlingsaksjon frå kyrkjelyden og finn plass til dei resterande midlane for å få dette realisert.

Kyrkjeferd

av Vidar Bergset

Vidar Bergset gjekk bort tidlegare i år, 92 år gamal. Vidar var ein lun og kunnskapsrik kar, med eit godt auge til små og enkle detaljar i historiene han skreiv i sine mange bøker han gav ut. Han var ein flittig bidragsytar både i historielaget sitt årshefte men også til Kyrkjeklokka. Redaksjonen vil heidle Vidar med å trykke siste bidraget hans i Kyrkjeklokka, på nytt. Tusen takk Vidar for dine gode bidrag til alle rundt deg!

Eg høyrde gjennom svevnen at mor ropte: -No må du kome deg opp, for du veit vi skal til kyrkje! Eg var ikkje sein til å kome meg på beina og byrje å dra på meg søndagskleda som mor hadde hengt over stolryggen frammanfor senga. Far sat og barberte seg med såpeskum i halve andletet – og mor smurde niste til kyrkjeferda.

Tredje kvar søndag var det gudsteneste i Utoik – som var vårt kyrkjesokn, og vår, sommar og haust var det fast kyrkjetur for folk frå Fjella. Det var kanskje ikkje alle ungane som var med til kyrkje heile tida, men eg var einebarn og kunne ikkje setjast att heime når dei andre for. Eg hadde ikkje noko imot det heller, for kyrkjeturen var ei velkomen oppleving og hadde både spenning og eventyr i seg. Men vi måtte fyrst ned den hengebratte vegen til sjøen – «berget» som fjellarane kallar det. Om vinteren kunne der vere snø og is i berget, så då vart det ikkje så mange kyrkjeturar. Men denne dagen var ein klår og strålende haustdag, og vi hadde ikkje gått så langt før eg råka kameratar som også var på kyrkjetur. Og som vanleg så vart foreldra sin fart for liten for oss, og vi byrja å springe ned den kronglete råsa.

Den gjekk i store svingar, men vi kutta tvert av alle svingane og sprang så beint ned som det

let seg gjere, sprang og hoppa så gras og småstein fauk rundt oss og kom ned eit kvarters tid før dei vaksne. Nede ved nausta var det alt samla ein liten folkeflokk ved steinbryggja, og fleire kom til etter kvart.

Nokre karar drog ut kyrkjebåtane frå nausta, og der låg dei og vogga på vatnet, Bergset-båten som heitte «Fram» og Søløbergsbåten som heitte «Rols». Det var spennande å stige om bord i båten og kjenne kor han flaut. Og båtane vart ofte fylte så det ikkje var ein plass til overs.. Vi ungane vart ofte plasserte mellom ein roar og esinga på båten, eller framme i stammen. Og så var båtane brått i fart på den glitrande fjorden. Denne dagen var fjorden still og blank, og eg syntest det var himmel både over oss og under oss. Det var som om vi var løyste frå jorda og stemnde fram mellom kvite skyer. Når vi hadde rodd halve vegen var det vanleg å byte roarar. Det var to nes inne i fjorden som glei frå kvarandre, og då var vi halvvegs. Eg han hugse at han gamle Steffå var med oss, og han var blind, men han gjekk «berget» både opp og ned utan særlege problem. Og no sa han: -No er de halvvegs, - no må de byte! Og eg undra meg over at han som var blind, kunne vete det. Seinare fortalde einkvan at han brukte å telje åretaka.

Fjellarane hadde faste plassar der dei drog båtane opp. Og så rusla dei i småflokkar opp til kyrkja. Kyrkja var lys og fin, og der var oftast mykje folk. Klokaren sat gjerne på plassen sin når vi kom inn og var ein gamal mann med skjegg og kalott. Vi var såpass ofte i kyrkja at eg

somme tider kjende att folk, og såg at dei hadde andre klede på seg no enn sist eg såg dei. Og der var både gamle folk, og ungar som klatra opp i benken for å sjå forsamlinga, og nokre som var urolege og fekk tilsnakk av foreldra sine. Der var mykje å sjå på. Altertavla var forunderleg. Ho likna ikkje stort på dei bileta vi hadde på veggen heime. Men det likaste var orgel-musikken. Eg livna til når organisten spela «inntogsmarsjen», - (som vi kalla det), og dei milde tonane var vakre å høyre på, men det beste var når organisten sette på krafta så det dirra i veggene. Eg song med i salmane så godt eg kunne, og eg dikta visst til litt på både tonar og ord. Av presten si preike skjøna eg ikkje alltid så mykje, men det var morosamt å sjå kor levande han var på preikestolen når han vart ivrig.

Etter kyrkjegangen gjekk dei fleste ned att til båtane og åt nista si. Far og mor skulle alltid stanse og prate med skyldfolk, som der var ei mengd av, og eg hala og drog i armen til mor og ville ned att til nistepakka der det var rundstykke med pølse på. Når vi kom til lands heime ved nausta, vart det ofte kappgang for oss smågutane. Kven kunne kome forast opp berget?

Fleire år etterpå – under krigen – var det eit par kalde vintrar då isen på fjorden låg nesten ut til Tistam. Då gjekk vi på isen til kyrkja, hugsar eg, og eg trudde det skulle bli fort gjort å gå til Utoik. Men det vart ein keisam veg som ingen ende ville ta. Då lengta eg attende til barndomens kyrkjeturar, der vi sigla mellom skyer under blå himmel og gleda var stor og forunderleg.

Lærling i barne- og ungdomsarbeid

av kyrkjelydspedagog Martine Bø Solbakken

Det komande året får vi eit friskt pust inn i konfirmantarbeidet vårt! Oda-Elise Sølvberg Slettenes er lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget og skal ha deler av læretida si tilknytt trusopplæringa og arbeidet med ungdomane/konfirmantane våre. Det er første gong at trusopplæringa har ein lærling med seg på laget, så

dette er spennande! Oda-Elise er allereie i full gong. Ho har vore med i oppstarten med dei nye konfirmantane, samt at ho har fått treffe fjorårskullet som fekk utsett konfirmasjonen sin til i haust. Velkommen skal du vere, Oda-Elise. Vi ser fram til eit lærerikt år!

Lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget
Oda-Elise Sølvberg Slettenes



Kyrkjelokka

www.stryn.kyrkja.no - arkfane: kyrkjelokka

Bladet vert sendt til alle husstandar i Hornindal sokn og sokna i Stryn kommune

Redaktør for dette nummeret er: Knut Sigurd Gald

Forretningsfører - abonnement/adresseendring:

John Selmer Skiftesvik, Rindane 6, 6788 Olden.

Tlf 990 28 076 - john.skiftesvik@eninvest.net

Bankgiro 0538 18 51054 - Bankgiro 3795 30 05108

Kontingenten er frivillig - Vi takkar for betaling og støtte

Kyrkja i Indre Nordfjord

Stryn kyrkjekontor

Kyrkjevevje Kari Synnøve Muri

kari.muri@stryn.kommune.no

Tlf 57 87 61 84

Mobil 913 27 882

57 87 61 80 Telefonsentral

57 87 61 81 Sekretær Margrete Lillestøl

57 87 61 81 Sekretær Anne L. Honningsvåg

Postadresse: Tonningsgata 4, 6783 Stryn

Besøksadresse: Rognehaugen 11

E-postadresse: kyrkja@stryn.kommune.no

Heimeside: www.stryn.kyrkja.no

må, (ty 10:00-), on, to, fre 09:00 - 15:00

Volda kyrkjekontor

kyrkjevevje Jostein Stråbø

kyrkjevevja@volda.kyrkja.no

mobil 916 63 549

Tlf 70 07 40 90

Post/besøksadr.: Rådhusgata 6a, 6100 Volda

E-postadr.: kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no

Heimeside: www.volda.kyrkja.no

Må, ty, (on 10:30-), to, fre kl. 10:00 - 14:00

sokna Utvik - Olden - Innvik

Mobil 911 84 241

sokneprest Harald Runde

runde.harald@gmail.com

Tysdag, torsdag og fredag kl 10 - 12

sokna Randabygd - Nordsida

Tlf 57 87 49 48

Mobil 930 01 473

sokneprest Hege Høiby

hege.hoiby@stryn.kommune.no

sokna Oppstryn - Loen - Nedstryn

Tlf 57 87 61 85

Mobil 948 32 875/916 01 630

sokneprest Henny Koppen

henny.koppen@stryn.kommune.no

Hornindal sokn

mobil 906 74 645

vikarprest Matias Austrheim

matiasprest@live.no

Trusopplæring

57 87 61 83 Kateket

Beate Nes

beate.nes@stryn.kommune.no

57 87 61 80 kyrkjelydspedagog

Martine Bø Solbakken

martine.bo.solbakken@stryn.kommune.no

57 87 61 82 Trusopplærer

Guro Petronella Enerhaug

guro.enerhaug@stryn.kommune.no



facebook.com/strynkyrkja



Instagram

instagram.com/kyrkjaiindrenordfjord



stryn.kyrkja.no



Av Henny Koppen

Tankar langs vegen...



Næring for både ånd, sjel og kropp

I koronatida fekk eg god tid til å gå. Eg gjekk mellom anna på stiane i Kamben, og når det vart snøfritt, i flisløypene på Tverrfjellet. Eg kjende at det gjorde meg godt.

I vinter vart stiane i Kamben tydeleg breidare. Mange var ute i terrenget, og vi gjekk både når det regna og når det var opphaldsver. Kvifor driv vi og går i skogen, når vi kan sitje inne i varmen og strikke eller lese ei god bok? Det var vel fleire enn eg som kjende på at dette gjorde godt, uansett ver og føre. Kroppen treivst med det.

Det står ein del i Bibelen om å ta vare på kroppen, Paulus er den som er mest oppteken av dette. Han skriv mellom anna dette til kyrkjelyden i Korint: *«Veit de ikkje at kroppen dykkar er eit tempel for Den heilage ande som bur i dykk, han som de har frå Gud? De er ikkje lenger dykkar eigne: 20 De er kjøpte, og prisen er betalt. Difor skal de æra Gud med kroppen»!* (1. Kor 6, 19-20)

Han skriv det ikkje direkte, men det er naturleg å tenkje at vi her har ei oppfordring om å leve eit sunt liv, syte for at kroppen får det han treng av mat, drikke, søvn og kvile. I våre dagar må vi nok legge til fysisk aktivitet, slik at hjerte og lunger, musklar og ledd kan fungere slik dei skal.

Både før og etter Paulus si tid har det vore ulikt syn på kroppen si rolle i livet. Tidvis har

det vore skarpe skilje mellom kropp og sjel, der sjela har vore viktigare enn kroppen. Det har vore forsøkt å undertrykke alle kroppslege lyster for å kunne dyrke sjela og dei åndelege behova utan tanke på kroppen. Om det nokon gong let seg gjere, veit eg ikkje, men mange har prøvd, ærleg og oppriktig.

Paulus skildrar mennesket med ånd, sjel og kropp som ein heilskap. I KFUK-KFUM, der eg har min bakgrunn, har vi valt å legge vekt på dette synet på mennesket. I det kristne arbeidet vil vi tilby næring for både ånd, sjel og kropp. Ånda treng nærleik med Gud, gjennom til dømes gudstenester, bøn og meditasjon. Sjela treng kultur og natur, gode opplevingar som gir næring til tankar og kjensler. Kroppen treng mosjon, mat og kvile. Og alt høyrer saman og kan i beste fall dyrkast og nytast samtidig. KFUK-KFUM har ein trekant som symbol, den har fleire tydingar, og mellom anna minner trekanten oss om at vi er ein heilskap, med ånd, sjel og kropp, og at alle sider treng næring for at vi skal utvikle oss til heile menneske.

Difor går vi tur i skogen, brukar kroppen, nyt fuglesongen og lukta av regnvåte furutre. Og midt i dette sender vi gjerne ei takk til Gud, som skapte alt godt, og som plasserte oss i alt dette gode.

Paulus har meir å seie. Dette skriv han til kyrkjelyden i Tesaloniki: *«Må han sjølv, fredens Gud, helga dykk heilt igjennom. Og gjev at dykkar ånd og sjel og kropp må haldast uskadde, så de kan vera ulastelege når vår Herre Jesus Kristus kjem»!* (1. Tess 5,23)



speidarlogo



Annonsering i Kyrkjeklokka

Gjennom heile si historie som «Mel-dingsblad for kyrkjelydane i Stryn og Hornindal», har Kyrkjeklokka lagt vinn på å vere eit annonsefritt medium. Tak-ka vere gåver og frivillig innbetaling av abonnement, har bladet hatt ein solid økonomi i over 80 år. Like til no.

Driftsutgiftene har auka gradvis og dramatisk på alle hald, ikkje minst for prenting og utsending. I førre driftsåret utgjorde portokostandane åleine kr 65 543 og dette har begynt å tære på kapitalen til Bladlaget. Samstundes har inn-tektene krympa – noko skuld-ast truleg at nye generasjonar ikkje ser behovet i å halde bladet i gang, og dermed ikkje støtte bladet i form av å betale inn den frivillige årskontingenten.

Lokalsamfunnet i Indre Nordfjord vil verte fattigare

og det vil verte eit tap dersom dette over 80 år gamle bladet går inn. Årsmøtet i Kyrkjeklokka Bladlag har derfor vedteke at det skal opnast for annonsering frå fjerde utgåva i år, dvs. julenum-meret 2020, avgrensa til eit volum tilsvarende to sider. På same måten som med Kyrkje-lydskalendarer er alle annon-sørar velkomne.

Kyrkjeklokka er trass alt eit blad med stort opplag og man-ge lesarar, og vi veit at det blir lese både lokalt og av utflytte stryningar og honndøler. Styret og redaksjonen ser føre seg at dette kan vere spesielt interessant for t.d. stader for familiesamko-mer i samband med kyrkjelege handlingar og minnestunder, gravferdsbyrå, klede-, gåve- og

utstyrforretningar, osv.

Prisavtalar, format og utfor-ming av annonsane kan gjerast i samarbeid med forretningsføra-ren - sjå kontaktpalten på side 5 - og vi oppmodar interesserte annonsørar om å ta kontakt dit innan dei fristane som er opp-gjevne for anna innsending av stoff til kvar utgåve.

*Velkomen som annonsør i
Kyrkjeklokka*

**Beste helsing
Kyrkjeklokka Bladlag
Styret**

*Geir Ståle Vatnamo
Svein Rønne
Knut Sigurd Gald*

Takk for hjelpa!

Vi er inne i eit spesielt år, med koronaen som flyttar om på mange planer som var lagt. Kyrkjene i Norge er underlagt strenge restriksjonar, og tek såleis sin del av ansvaret for å ikkje spreie smitte. Det er difor gledeleg å kunne melde at ingen er blitt smitta via noka kyrkje i landet.

Ein viktig del av planane som var lagt var konfirmasjonane som skulle vere i mai, og som no er flytta til september - oktober. I anledning den store dagen må dei ha reine, fine kapper. I Nedstryn kyrkje har vi 40-50 kapper som no trengte vask og ettersyn. Ei lita etterlysing på facebook resulterte i at 9 damer meldte seg til å ta jobben på dugnad. Så no er skapet fullt av

reine, velduftande kapper som ventar på flotte ungdomar sin store dag. Lukke til med den store dagen konfirmantar, og velkomne i kyrkja att når de ønsker.

Takk for hjelpa til dugnads-

gjengen: Astri, Inger Johanne, Silje, Marianne, Nina, Elisabet, Karin, Helga Renate.

*Margaret Venøy Flo
Soknerådsleiar Nedstryn sokn*



Nokre av dugnadsgjengen: Astri, Inger Johanne, Silje, Marianne, Nina

Ny prost i Nordfjord tilsett

av Henny Koppen

Helsing frå komande prost i Nordfjord, Stian Heggedal.

Stian tok til i tenesta 1. september. Han har flytta inn i prestegarden på Nordfjordeid og vil etter kvart kome rundt for å helse på kyrkjelydane i Nordfjord prosti. Denne helsinga skreiv han under hardaste koronatida i vår.

Kjære brødre og søstre i Kristus
Det er med stor spenning og glede jeg ser frem til å begynne min tjeneste som prost til høsten, og ikke så rent lite ærefrykt for den tillit som blir vist meg. Jeg skal introdusere meg selv noe mer inngående når jeg tiltrer, men for nå ønsker jeg å sende dere alle en liten hilsen ifra Irak der min nåværende menighet lever i en muligens større isolasjon enn de aller fleste der hjemme.

De siste månedene med unntaksstillstand og stor grad av isolasjon fra mennesker rundt oss har satt mange ting i perspektiv. Det å være avskåret fra kroppslig kontakt i stor grad; håndslag, klemmer og nærhet har berørt strenger inne i de fleste av oss som kanskje ga mer lyd enn det vi trodde. Også i kirken. Hvordan skal et folk som er, bokstavelig talt, kallet til fellesskap leve i en tid med separasjon og adskillelse? Pandemien som fremdeles rammer store deler av verden minnet også oss på, i vårt rike, avanserte og trygge industri-land, at noen sykdommer rammer fremdeles uten diskriminering. Den minnet oss på at også vi er sårbare. Vår kropp er skjør og sårbar. Mange av oss har også blitt minnet på at det er gjennom kroppen vi kommuniserer med andre mennesker. I det øyeblikket vi ikke lenger kan ta en venn å hånden eller gi noen vi er glad

i en klem, så ser vi hvor mye av vår kommunikasjon med andre som egentlig skjer ved hjelp av kroppen vår. «Jeg vil gi dere hjerter av kjøtt» sier Esekiel. For det første kan man lure på hvorfor man får dette bibelske løftet om noe som vi ganske innlysende allerede har, men også på hvorfor Gud ønsker at selve senteret i oss selv skal være noe så skjørt og sårbart? Og går vi til Paulus kan vi finne noen lite oppmuntrende ord om kjødet som noe relativt suspekt og ofte direkte negativt. Både sårbarheten og de rett ut negative omtalene om kjøttet hos Paulus, gjør at vi ofte ønsker å være noe mer enn kjøtt. Likevel insisterer Esekiel på at dersom vi nekter å være kropp og kjøtt, blir vi mindre, ikke mer menneskelig. Vi får isteden et hjerte av stein. Et hjerte som ikke er av kjøtt vil heller ikke være åpent for berøring og læring. Det vil ikke være åpent for å føle og å dele. Det vil derfor ikke ha noe annet objektiv enn seg selv,



Prost Stian Heggedal

intet annet å tilbe enn seg selv - en avgudsdyrkelse. Det motsatte av kjøtt er ikke ånd, men stein. Vår kropp er sårbar, ikke bare fordi den er bokstavelig talt mulig å skade rent fysisk, men også fordi vår indre sårbarhet påvirkes av det vi absorberer gjennom vår kropp; det vi hører og det vi ser. Likevel lover Gud oss et hjerte av kjøtt! Han lover at selve senteret i oss skal være noe radikalt sårbart. Hva slags løfte er det? Det er et løfte om at Gud vil gjøre oss til en del av menneskeheten, verken mer eller mindre. Det er et løfte om å gjøre oss kapable til å lytte, tale og dele med de utstøtte, de syke og de uten rettsbeskyttelse; Et løfte om at vi skal tilhøre den samme verden som de fattige og de uten håp og verge. Med et hjerte og en kropp som kommuniserer.

Å tilhøre Gud er å lære å også tilhøre min egen kropp, min egen sårbarhet, og å lære å akseptere den kroppen. Det handler om å innse at det selvet som Gud elsker og handler med ikke er en fjern filosofisk ide langt inne i meg en plass, men min kropp. Jeg er den kroppen, enten jeg er ung eller gammel, frisk eller syk. Jeg kan likevel ha et ambivalent forhold til den og mennesker med kroniske sykdommer, kreft, AIDS og ulike handikap kan ofte føle at de er fremmede for sin egen kropp, og de kan ha et sterkt ønske om å være noe mer enn denne kroppen. Og de har selvfølgelig rett. De er mer. Mye mer. Men det kristne mennesket vil si at dette «mer» finnes i det første møtet og den første kjærligheten til nettopp den sår-

bare kroppen, det skjøre kjøttet. Når den hellige Katarina (1347-1380) omfavnet den spedalske, elsket hun mannen, personen, som ble møtt i- ikke over eller bak- kroppen hans. Desto mer vi forsøker å distansere oss selv fra vår sårbare kropp, desto mer står vi i fare for å falle inn under Esekjels dom; å få hjerter av stein. Hjerter som vi ofrer på våre egne konstruerte alter. Men «vi har et alter» sier forfatteren av Hebreerbrevet, og det er der Kristus er. Vår Gud har møtt oss i kjøtt. I kropp. I en kjent bønn hører vi til og med «I dine sår, gjem meg»

for der er vår trygghet. I disse krevende tider har vi alle følt på hvor sårbare vår kropp egentlig er, og hvor avhengige vi er av kroppslig kontakt og nærhet med andre mennesker. Derfor ber vi vår inkarnerte Gud om å få inkarnasjonens gave: hjerter av kjøtt, for å alltid minne oss på vår sårbarhet og vår solidaritet med de syke, de ensomme og de som lengter etter kontakt.

Ta godt vare på hverandre, ring noen som kanskje trenger det, så sees vi alle etter hvert til høsten. Jeg ser veldig frem til komme på plass hos dere.



Pax et Bonum
Stian Heggedal

29 april 2020 *Minnedagen for Katarina av Siena, Anbar IRAK*

Liturgisk hjørne: Prefasjon

av Hege Høiby

Eg har tidligere nemnt litt om strukturen i nattverda og i nattverdsbøna (nummer 3 av Kyrkjeklokka i 2019). Først er det ei førebuing, så nattverdsbøna som avsluttast med Herrens bøn, så fredshelsing, ev brødsbryting og Agnus Dei (Du Guds Lam), før utdelinga av brød og vin og tilseiingsorda, og til sist avslutting av måltidet med takkebøn.

Nattverdsbøna består av fleire ledd, og eg har snakka om nokre av dei: Verba (innstiftingsorda), Sanctus (Heilag) og epiklesa (påkallinga av Anden). Eg tenkte no å gå til byrjinga av nattverdsbøna og sjå på den innleiande lovprisinga – prefasjonen.

Nattverdsbøna er ei bøn. Det kan være viktig å hugse på sidan den har så mange ulike delar og ledd som kan synes så forskjellige. Den vekslar mellom stutte dialogar der liturg og kyrkjelyd svarar kvarandre, bønner liturgen bed på vegne av kyrkjelyden,

lovsong alle syng saman, bønner medliturg kan bede, bønner som blir leste og bønner som messast, bøn som også er forteljing og direkte tale, og handlingar og kroppsspråk for både liturg og kyrkjelyd. Alt dette er likevel ei bøn, og den er ei takkebøn og ei lovsong.

Prefasjon er namnet på den innleiande lovsongen. Ordet kjem frå latin prefari, men sjølv om ordet har stavelsen pre, ein forstaving som tyder at det er noko som kjem føre (som i preludium), så tyder ikkje prefari innleiing, men 'å be høgt', dvs. å messe. Det er ei bøn som skulle bes så heile kyrkjelyden høyrde, og det betydde at den skulle messas. Uavhengig av kor stille resten av nattverdsbøna kunne bli bedt, var prefasjonen sunge høgt som ein ekstatisk lovsong (sjå Frank C. Senn: *Eucharistic Bodyk* s. 48).

Vi har mange forskjellige prefasjoner, og det vil ta for mykje plass å sjå på teksta til alle her,

men eg vil likevel sjå litt på korleis nokre av dei er bygd opp, og på kva tema dei har.

Vi har kyrkjeårsprefasjonane – prefasjonar som er laga for kyrkjeåret der noko av teksten er den same for alle, og noko følger tema for kyrkjeåret. Her er ei av prefasjonane for treeiningstida som ofte er brukt:

«I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som du sende til frelse for verda, for at vi ved hans død skulle få forlating for syndene og ved hans oppstode vinna det evige livet. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande synge»

Teksta i kursiv er den som variera med kyrkjeåret eller dagen. Den seier noko om kva preg søndagen har, og kva som det er

tenkt er viktig for kyrkjeårstida. Teksta over er ganske generell og er tenkt at passer dei fleste søndagar: fokus er Jesus som frelsar oss ved sin død og oppstode.

Til samanlikning snakkar den særskilde teksten for jul også om Jesus som frelsar, men fokus er ikkje på hans død og oppstode: «han som for vår skuld vart menneske for at vi skulle bli dine born, frelste ut av mørkret og inn i ditt underfulle lys.» Det er inkarnasjonen som vart halde fram, og kontrastane mellom lys og mørker. I den første prefasjonen er det forlatinga for syndene og det evige livet som er frelsa, og Jesu død og oppstode det som frelser oss. I julas prefasjon er det inkarnasjonen som haldast fram; frelsa er at vi blir redda frå mørkret og får kome inn i Jesu lys, medan det er det at Jesus fødest som eit menneske som frelsar oss. Kyrkjeårsprefasjonane minna oss såleis om mange forskjellige aspekt ved Jesu gjerning på jorda, og dei kan fortelja oss noko om kva den tida vi er i, handlar om.

Men det er meir å seie om

kyrkjeårsprefasjonane. Det som ikkje forandrast, har også meining. Innleiinga er den same: «I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som...»

Dei første orda tek opp orda kyrkjelyden syng like før i helsinga, eller prefasjonsdialogen. Presten oppmodar kyrkjelyden til å takka Gud, og dei svarar: «Det er verdig og rett.» Og presten gjentek og forsterkar: «I sanning verdig og rett er det». I kyrkjer der altaret er vendt mot aust, vender presten seg mot altaret. Her byrjar nattverdsbøna – takkebøna – og prest og kyrkjelyd står saman vendt mot Gud. Presten, på vegne av kyrkjelyden, stadfester at det er rett å takka Gud, overalt og alltid. Ho nemner kva Gud er; allmechtig. Og kven Gud er; evig Far. Men det er Jesus som det seiast mest om; vi takkar Gud ved han, og så kjem ei utgreiing av kven han er; han som Gud sende til frelse, han som vart menneske, han som elska oss, osv.

Etter dei variable ledda, avsluttast prefasjonen med den same formuleringa kvar gong:

«Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande synge»

I denne delen av bøna knytast himmel og jord saman, og fortid, notid og framtid blir eit; vi syng saman med englane og med all skapninga, og vi syng saman med dei som var før oss, og med dei som skal kome, for den samrøysta lovsongen peikar fram mot lovsongen som skal lyda når verda er gjort ny.

Prefasjonens lovsong er ikkje berre takk for vår frelse, men for verda. Og det er ikkje berre menneska som blir redda, men alt Gud har skapt. Og når den samrøysta lovsongen bryt ut i «Heilag, heilag, heilag», syng vi saman med englane. Himmel og jord har kome saman, der i kyrkja kor vi er samla. Vi står for Guds andlet.

Konfirmantjubileum 2020

Denne hausten vert det ikkje konfirmantjubileum for sokna i Utvik, Innvik og Olden. Dette på grunn av corona – situasjonen.

Men vi har ikkje gløymt jubilantane i år. Neste haust, 2021, så reknar vi med at situasjonen har normalisert seg. Då vil konfirmantjubilantane denne hausten, bli innbedne saman med jubilantane for neste år.

Harald Runde

E-post til Kyrkjeklokka

Har du enno linken "post@kyrkjeklokka.no" arkivert i adressselista di i eposten?

Slett denne, den høyrer til eit domene vi hadde på den gamle heimesida vår og vart ikkje overført til noverande heimeside.

I heimesida vår har vi vidareført ordninga med link

som du kan trykke på for å sende e-post til Kyrkjeklokka, men då med namn/tekst: *Trykk her for å sende post til Kyrkjeklokka*

Du vil då sende e-post til den redaktøren som har ansvar for neste nummer av Kyrkjeklokka som kjem ut.

For å finne e-postadressa til Kyrkjeklokka:
www.stryn.kyrkja.no - arkfane: kyrkjeklokka
og trykk på linken med raud skrift:

Trykk her for å sende post til Kyrkjeklokka

Prestestøylen - Guds naturlege kyrkjekatedral

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo

Det var ei sterk oppleving å kome til friluftsgudsteneste på Prestestøylen 14. juni. Sola stod høgt på himmelen, fjellsidene var knall grøne og fjelltoppane kvitkledd som ei fin brud. Mellom husa hadde soknerådet stelt i stand med kors, alterbord og fine fargerike blomar og utebenkar til dei som ikkje hadde med stol sjølve. Soknerådsleiar, Solveig Heggdal, ynskte velkommen og las opp kunngjeringane. Elles var ho medliturg og las

lett når ein sit ute og kanskje får kontakt med folk i frå bygdene ikring. Friluftsgudsteneste er i all fall sosialt og ein triveleg samankomst. Om lag 30 personar møtte fram denne flotte

søndagen. Fleire foreldre hadde teke med seg borna og mange av desse deltok på spørjekonkurransen som soknerådet arrangerte. Då måtte ein springe frå post til post og løyse oppgåver.



Sokneprest i Guds naturlege kyrkjekatedral



Kyrkjelyden samla



Kyrkjekaffi smakar alltid ekstra godt utan dørs

tekstane. Soknepresten vår, Harald Runde, heldt preika der han tala over teksten frå Matt, 3,11 – 12. Vi som var publikum hadde fått utdelt sangark. Det var til stor nytte for dei som kunne vere med å synge på salmane.

Like etter sjølve gudstenesta inviterte soknerådet til kyrkjekaffi. Dei fleste hadde med seg noko å bite i. Soknerådet span-derte kaffi og twist. Kyrkjekaffi ute i den frie natur smakar ekstra godt. Dessutan går praten



Jill Trude Dyrvang og ein av sønene (fremst) i full gang med sporløp

Kyrkjeklokka på Bombeneset

av Svein Frithjof Rønne

Nedstryn kyrkjelyd hadde ei fin gudsteneste på Per Bolstad plass søndag 19. juli med mange tilhøyrarar. Vi fekk også presentert den nye portable kyrkjeklokka som Erling Gjørven har fått laga for bruk til utegudstenester. Klokka er støypt på landets einaste klokkestøperi, Olsen-Nauen Klokkestøperi AS, og Erling har laga stativet sjølv.

Erling Gjørven kjøpte for ca. 10 år sidan eigedomen Bombeneset frå Hjelle skule. Området har tidlegare vore brukt av skulen til friluftaktivitetar, og Erling har opparbeida området for vidareføring av aktivitetane med leirplass for speidarane og 4-H. Han har også sett opp toalett og flaggstong for leirområdet og restaurert ei fleire hundre år gamal utlade som skulen no disponerer. Den nye kyrkjeklokka var ferdig no i vinter og den er tenkt brukt til arrangement på Bombeneset og den kan lånast ut til andre ved behov. Den var brukt for fyrste gong til Nedstryn kyrkjelyd si gudsteneste på Per Bolstad plass 19. juli og neste arrangement var Oppstryn kyrkjelyd si gudsteneste på Bombeneset 23. august med 29 tilhøyrarar i regnvær.

Klokka er mindre enn vanlege kyrkjeklokker i kyrkjene, og typen er kalla gardsklokke. Klokka til Erling er den største av denne typen med diameter 480 mm. og vekt 65 kg.



Kyrkjeklokka trygt forankra på bilen til Erling Gjørven under gudstenesta på Per Bolstad plass.
Foto: Svein F Rønne



Bilete t.v: Kyrkjeklokka plassert ved inngangen til gudstenesteplassen ved Bombeneset.
Foto Beate Ø. Glomnes

Bilete t.h: Birger Skåre ringer med klokka utlånt av Erling Gjørven. Foto: Olaug Mork



Tilhøyrarar godt beskytta under paraplyane
Foto: Svein F Rønne

Utegudsteneste på Bombeneset i Oppstryn

av Beate Ø. Glomnes

Gudstenesta søndag 23. august vart bestemt som utegudsteneste i Bombeneset i Oppstryn.

Det var ikkje så gode vêrmeldingar for denne dagen, så vi var litt spent på korleis dette skulle gå. Søndagen kom med grå himmel og regn. Men vi kledde oss etter vêret og reiste til Bombeneset.

Her møtte prest, klokkar, kyrkjetenar og kyrkjevertar opp i god tid, og fekk sett fram litt benkar og laga til alter med kvit duk og blomster.

Erling Gjørven stilte med den flotte mobile kyrkjeklokka.

Då klokka nærma seg 11 kom kyrkjefolket. Alle måtte bortom Anfinnbu for å bli registrert med namn og telefonnummer, som ein skal gjere no for tida.

Dei fleste hadde med seg paraply, og nokre hadde med egne stolar, så dette tegna bra. Vi vart totalt 29 personar som møtte, og det må vi seie oss godt fornøgde med slik som vêret vart, men gudstenesta vart korta ned litt p.g.a. regnet.

Birger Skåre ringde med klokka til gudsteneste, og Henny Koppen heldt gudsteneste og spelte gitar til nokre av songane.

Anders Kvile hadde med trekkspel, men kunne dessverre ikkje bruke dette i det våte klimaet. Så det lyt vi ha til gode til ein annan gong. I staden for vart han forsongar.

Guro Petronella Enerhaug presenterte dei nye konfirman-tane for dette året; *Brage Skåre Hogrenning* og *Paul Webster Brekke*.

Etterpå var det kyrkjekaffi, som vart litt utfordrande. Men med paraply over kakebordet og godt

humør, vart det ein triveleg prat på «kyrkjebakken».

Trur ikkje det var nokon som

angra på at dei kom til gudstene-ste i Oppstryn denne dagen.



Bilete t.v: Preike ved sokneprest Henny Koppen. Bilete t.h: Organisten Anders Kvile hadde med trekkspel som han desverre ikkje kunne bruke i regnværet. Så rollene vart bytta om slik at presten akkompagnerte på gitar mens organisten var forsongar under salmane. Kathrina Flo var tekstlesar og dagens klokkar. Foto Olaug Mork



Trusopplærar Guro Petronella Enerhaug presenterte årets konfirmentar i Oppstryn: *Brage Skåre Hogrenning* og *Paul Webster Brekke*. Foto Olaug Mork

Antemensalet vart veggteppe

av Leif Vinsrygg



*Antemensalet (1m x 2,3 m) som vart veggteppe på heidersplass i Nedstryn kyrkje - vevd av Johanne Wiik
Foto: Leif Vinsrygg, august 2020*

I Kyrkjeklokka nr. 2 2020 har Hege Høybye eit liturgisk hjørne med tittelen «Agnus Dei – du Guds Lam». Som illustrasjon har ein brukt bilete av eit vove teppe. Kven er kunstnaren?

Når eg har teke på meg oppgåva å fortelje om det, av redaktøren denne gongen, går eg litt tilbake i tid. I 2005 laga eg ein lenger artikkel «Om veving i Vik». Der intervjuar eg Knut Jacobsen som då var eigar av Gnr. 46 bruk nr. 2, i daglegtalet Ut-i tunet i Vik. Han hadde mykje å fortelje om svigermor si, ei kvinne som sette sitt preg på vevmiljøet i bygda. Nyleg samtale med to av døtrene til Marta og Knut Jacobsen, Vigdis og Brite, gav tilføyningar til det materialet eg hadde som bakgrunn for artikkelen i Jul i Nordfjord.

Johanne Wiik

-Kvinne med skapartrong

Ho var fødd på Inni-gardstunet på Maurset i 1873. I 1912 kjøpte Klemet Øvreberg garden i Vik, og då dei gifte seg, tok dei etternamnet Wiik. Frå då av, og til ho døydde i 1946, var ho gard-

kone i Ut-i-tunet. Johanne vart i vaksen alder plaga av astma. Det gjorde at ho ikkje kunne delta i gardsarbeid med omsyn til støv frå høy og dyrehår. Men ho hadde i yngre år vore i Bergen, og der hadde ho vore i eit stort vevemiljø.

Veving vart hennar bidrag til felles rekneskap for garden, og det var ikkje få teppe, løparar og biletvevar ho leverte. Samtalane eg syner til, fortel at ho m.a. vov



*Johanne Wiik (1873 – 1946)
-kvinne med skapartrong*

teppe som låg på flygelet til William Singer i Olden, og då Keiser Wilhelm av Tyskland vitja fjorden vår, reiste han heim med eit teppe som Johanne Wiik var kunstnaren bak! Produksjonen hennar var stor, og mange kjøpte.

Johanne hadde fleire vevstolar ståande til ei kvar tid, både i eine stova i det store kvite huset og i stova i Nordfjord-stil som ber namnet «bosstova». Mange lærevillige «elevar» hjelpte til, samstundes som dei fekk innblikk i vevekunsten.

Ho hadde også lært seg kunsten å farge med plantefargar, og teppa og løparane som er etter henne, ber preg av rolege fargar som står godt til kvarandre.

Ho deltok med arbeid på Landsutstillinga i Bergen i 1910 og på Jubileumsutstillinga i 1914. Biletet syner diplommet ho fekk for bidraget sitt frå den siste.

Antemensalet

Då Nedstryn Kyrkje markerte 100 år, i 1959, vart det gitt ut eit hefte. På s. 20 – 21 står det fortalt om kva som var gjort for å

høgtide jubileet. Under avsnittet «75 års høgtid» (i 1934) tek vi med litt:

Nymåla ute og inne. Glasmåleri og katedralglas i rutene, nye teppe i gangane og i altarringen, og «på altaret lyste ein femarmalystestake. Der stod to vakre sylvblomeglas. *Kring alteret var eit biletteppe* (utheva av meg) og to vakre brudestolar i koret. Alt var gåver».

Eg kan ikkje finne om det har

vore antemensale/noko slags dekor, teppe eller måleri, frå då kyrkja var innvigd i 1859. Men frå 1934 og fram til 1965, var teppet til Johanne Wiik prydnad på framsida av altaret. I 1965 vart noverande antemensale «avduka». Det er kopi av det som var i den gamle kyrkja, og som vart flytta til Bergen Museum i 1840-åra.

Det vakre teppet som Johanne Wiik var meister for, fekk hei-

dersplass på veggen mellom preikestolen og glasnet mot sør, i koret.

Temaet i midten av teppet høver svært godt til «Agnus Dei – du Guds Lam». Om det var Johanne Wiik eller nemnda for pynting av kyrkja til 75-årsjubileet som valde dette høvelege motivet? Det får vi heller fundere på når vi sit i kyrkja og kviler augo på teppet.



NORGES JUBILÆUMSUTSTILLING
1914 KRISTIANIA

DIPLOM

for

Johanne Øvreberg Wiik

som medarbeider ved Bergens Husflidsforenings utstilling (utenfor bedømmelse)

Grøn side Klimafakta og miljøtips

Ny butikk for NMS Gjenbruk på Eid

av Asbjørn Gjengedal

NMS Gjenbruk opna med full musikk 12.juni 2014. No er det ny opningsfest!

Torsdag 10.september blir enno ein merkedag for Det Norske Misjonsselskap (NMS) i Nordfjord. Då opnar den nye gjenbruksbutikken i Eidsgata 5. Turid Øre Øygard blir med på den festlege opninga. Ho er dagleg leiar for dei om lag femti gjenbruksbutikkane til NMS.

Det var glad fest med hornmusikk, taler, kaffi og kaker då butikken i Almenningen 1 blei opna i juni 2014. Etter seks år med vellukka drift er det endå meir grunn til glede. Det kan vi særleg takke dei vel tretti frivillige, flinke og flittige medarbeidarane for. Dei veit at gjenbruk er det som må til i vår tid, og det får ei endå rikare meining når målet også er misjon. Grunnen til at butikken flytter frå lokala i Almenningen 1, er at den nye

eigaren vil gjere store endringar i bygningen. Då var det heldig at alt låg vel til rette for å leige høvelege lokale i Eidsgata 5.

Det blir ein kort veg å flytte, men det er store mengder varer som skal flyttast på kort tid. Ein komite er godt i gang med organiseringa av dette arbeidet. Dei faste medarbeidarane får tildelt ulike oppgåver. Men når flyttinga tar til for fullt fyrste dagane i september, er det trong for fleire frivillige. Igjen etterlyser vi menn til å hjelpe til med praktiske oppgåver! På grunn av flyttinga blir det ikkje tatt inn nye varer før butikken er etablert i Eidsgata 5. Butikken i Almenningen 1 blir naturleg nok stengd medan flyttinga finn stad.

No gleder vi oss til å sjå NMS Gjenbruk Nordfjord vel etablert i Eidsgata 5! Så gjeld det at strau-

men av verdfulle varer kjem inn og at mange kundar får varene raskt ut att. Slik blir det ein vek-sande straum av pengar til NMS. Der er folk som veit korleis pengar blir til hjelp for dei som verkeleg treng det. Dette skjer i dette underlege året då korona-pandemien legg sin skugge over alle folk på jorda. Det pregar òg livet i gjenbruksbutikken. Medarbeidarane der tar det nøye med reglane som gjeld. Samstundes gjer dei ein viktig innsats for medmenneske i land som har smitten nær inn på livet. Eit døme: *Vatn og såpe er mangelvare i Mali. Då kjem det vel med at det blir sett opp stasjonar der folk kan få vaske hendene.* Det òg er vi med på når vi handlar på NMS Gjenbruk.

Vel møtt der!
Asbjørn Gjengedal

NMS Gjenbruk Nordfjord treng:

- Fleire menn til hjelp ved flyttinga av butikken
- Levér dine verdfulle ting som du sjølv ikkje lenger har bruk for til gjenbruksbutikken
- Handle i NMS Gjenbruk Nordfjord sin butikk --> du støttar då hjelpeprosjekta i land som treng hjelpa



Frå opninga 12. juni 2014 av gjenbruksbutikken i Almenningen 1, med flott hornmusikk for full musikk!. Gerd Bakke, Karin Nordvik, Marit Myklebust og Kjersti Ness var sentrale i starten og er det framleis

Utdeling 6-års boka

av Margaret V. Flo

Søndag 16.august var det utdeling av 6 års boka i Nedstryn og på Nordsida, og torsdag 13.august var det utdeling i Olden. Alle 1. klassingane i kommunen var invitert til desse gudstenestene, og spente born kom med sine nye, fine ranslar på ryggen, og vart ynskt velkomne ute ved porten med stjerne rundt halsen og ballongar. No var det brått komt litt næra-

re den store dagen då skulen skulle byrje, og spent alvor prega den første stunda. Men så tok Beate, Guro og Martine til med si spanande reise inne i kyrkja, med skattekiste, Jesus-stein og tenning av lys, og den store stunda då dei fekk den første boka som skulle i sekken. Song høyrer og med, og med organist Anders trygt ved pianoet vart det kraft i songen, festlig når han

spelte «Den første skuledagen» av Ingebrigt Davik- ein song vi eldre spesielt hugsar godt.

Ute på trappa var et utdeling av saft, slikkepinne, og kaffi til dei vaksne, og tid for ein god prat i sola.

Lukke til med skulestart alle spente 1. klassingar og velkomne att i kyrkja ved fleire høve.



Første klassingane som vart helsa velkomne og fekk 6-års boka i Nedstryn kyrkje





Samtale med Marie Johanne Folven
- ein stor ressurs i bygda i frivillig arbeid
- og leiar Oppstryn søndagsskule som den største i Stryn kommune

Marie-Johanne er fødd i 1956. Ho er utdanna lærar, og har vore lærar på Oppstryn skule sidan 1981. Marie-Johanne er ei blid og utadvendt dame, er positiv og løysingsorientert, men kan vere bestemt. Har alltid vore samfunnsengasjert, og engasjert i frivillig arbeid. Du er interessert og likar å bli kjend med nye folk, som t.d. asylantar i bygda, slik at dei kjenner seg sett og akseptert. For å nemne noko du har brukt fritid på som leiar er Damekoret, Barnekoret (du dreiv i 20 år), «Segestad Vener» og Erdalen skulehus. Bedehuset Betel er du aktiv med i og leiar for. Medlem i blandakoret Hjellegklang i vel 20 år, og Frostskoddekoret har du vore med i gjennom mange år. Du er ein person som likar godt song og musikk, turar i naturen og utarbeid - gjerne grovarbeid. Noko Bombeneset har nytt godt av, der du i lag med kollegaer, elevane og foreldre har lagt ned mykje arbeid.

I kyrkja var du klokkar i mange år. Og kyrkja er, som du sa i 50-års feiringa di, ein viktig institusjon for deg. Difor var det passeleg for deg å ha eine delen av feiringa i kyrkja med song og musikk.

Kva gir dugnadsarbeidet deg?

D e løje! Treffe på folk og få gjort unna ting. Det er ein fellesopplevelse, - også å sjå tilbake på. Det er samlande.

Leiar for søndagsskulen i Oppstryn sokn

Marie Johanne Folven

av Olaug Mork



Er det noko som kan gjere deg frustrert?

Frustrasjon? Nei, eg bekymrer meg lite.

Kan du seie noko om kva livsverdiar du har? Om kva som er viktig for deg i din kvardag?

«Gjer meir av det du blir glad av» heng på veggen heime. Det er for meg både å vere ute i naturen, men og å arbeide ute. Å sjå verdien i dei små tinga har eg vorte meir observant på i seinare tid. Små ungar og eldre folk har gjort at opplevelsar har vorte konsentrerte om det nære, som dyr og planter. Så vert eg glad når eg har fått meg ein fjelltur ein gong i blant, når eg får spele bordtennis med flinke spelarar, når eg får leike eller spele spel, når eg kan setje meg ned med ei god bok eller berre sløve i hengekøya. Dei tradisjonelle kristne verdiane er viktige byggjesteinar i samfunnet og bør vidareformidlast i beste forstand, slik at det følgjer glede med og ikkje plikt.

Søndagsskulen i bygda har lang tradisjon, og mange har

vore ansvarlege og medhjelparar t.d. Kari Nielsen Berge, Solveig Askeland Gjørven, Berta Urke Berge, Marie-Johanne Folven og Berit Grønnestad i nyare tid.

Liv Årnes dreiv barnegruppe heime tilbake i tid, og Ola Berge dreiv ungdomsklubb som Bjarte Sætre starta opp. Så viser det seg at Marie Johanne dreiv «Yngres» på 80- talet.

Men søndagsskulen låg nede nokre år. Kva som gjorde at den kom i gong att?

Det var Berta Urke Berge som tok initiativet, og fekk med seg meg. Vi syntest vi måtte ha eit tilbod for ungane i bygda. Vi tok i bruk søndagsskulen sitt program «Sprell levande» som fungerer godt.

Marie-Johanne er leiar no, og seier ho har god hjelp av foreldra som er med borna. Småsalen i Betel er for liten, så heile salen er i bruk p.g.a. stor aktivitet.

Kva verdiar er viktige for deg å formidle, og som borna tek med seg vidare frå søndagsskulen?

Det viktigaste er: At Jesus alltid er glad i dei! Og så er det fellesskapet og gleda av å vere i Betel. Det skal vere godt og kjekt å vere i Betel. Og søndagsskulen er ei støtte til dåpsopplæringa som kyrkja har. For nokre er det lågare terskel å gå i Betel med borna enn i kyrkja.

Kva gjer de på søndagsskulen?

Utforminga har endra seg gjennom tidene. Men klistremerke i kort er det fortsatt, og det er populært. Vi har også klistremerke på ein kalender på



Betel i Hjelledalen

veggen som viser kor mange vi er kvar gong i tillegg til namne-registreringa.

Programmet «Sprell levande» inneber at vi tenner lys, at dagens tekst vert lagt fram på ulike måtar, song alltid som start og som avslutning, eventuelt dans, bøn, dagens spørsmål som gjer at borna må tenkje sjølve og det gjev engasjement, ein leik, ei lita matøkt og avslutning i ring der vi ber Fadervåret.

Vi møtast ein gong i månaden. Og beskjeden vert sendt ut på sms og tilpassa søndagar då det ikkje er gudsteneste i kyrkja, eller barnebursdagar i bygda.

Kva likar borna best?

Dei likar alt.

Oppstryn søndagsskule er den største i kommuna. Kva er det som gjer det trur du?

Det var eit behov som vart møtt då vi starta opp. Borna snakka om det på skulen slik at fleire fekk lyst å bli med og foreldra snakka vel om søndagsskulen. Positive rykte går av seg sjølv, så fleire vart med.

I vinter var det 40 born i alderen 1 år til 10-12 år som var registrerte som medlemar av søndagsskulen her - deriblant 5 born frå Herøy og frå Stryn sentrum. Det er ofte rundt 20 born som møter opp. Foreldre som er med, er medhjelparar for meg. Eg vil nytte anledninga å skryte av foreldra som er aktivt med i m.a. synging, dramatisering, ta med mat og hjelper borna å lage ting.

Er søndagsskulen for spesielt interesserte? eller for born av aktivt kristne?

Nei, det er for alle! Døypte eller ikkje. Kristne eller ikkje.

Truande eller ikkje.

Kva tankar gjer du deg om at tidlegare gjekk 60% av befolkninga på søndagsskule, men berre 9% av desse 60% sender sine born på søndagsskulen (tal frå 2018 om søndagsskulen Norge)? Og at mange vel å døype borna, men ikkje følgjer dei til søndagsskulen?

Eg trur ikkje det gjeld for Oppstryn. Det er forskjell på søndagsskulen før og no. Dei måtte sitje meir i ro og lytte før. No er borna delaktige og engasjerte. Opplegget har endra seg. Det tek ca 5 timar å forberede 1 time søndagsskule! Då nyttar eg nettsida til «Sprell levande» til å bygge opp denne timen mot dagens tekst, og dra nytte av erfaring som eg veit fungerer.

Som lærar i mange år har du vore med i omstillinga av faget kristendom i skulen til KRL (kristendom, religion og livssyn) og

RLE (religion, livssyn og etikk) og endra praksis i skule og barnehage. Vil du seie noko om kva tankar du har gjort deg med tanke på dette?

Samfunnet har endra seg frå eit samfunn der alle vart opplærde med Bibel og salmebok, både heime, i skule og kyrkja. No har vi eit sekulært samfunn med mange livssyn og uttrykk for religiøs tru og utfalding. Vi lever og skal fungere i lag, i same bygd og fellesskap, difor må vi respektere kvarandre, same kva vi byggjer på. Dette er grunnlaget både i skulen og samfunnet elles. Men vi bør vite kva vi står for og ikkje viske ut vår eiga tru i møte med det nye eller framande. Då får vi fruktbare fellesskap med respekt og forståing.

Tusen takk for praten Marie Johanne. Så vil eg ynskje deg lukke til vidare i ditt frivillige arbeid.



Søndags-
skuleleiar
Marie Johanne
Folven

Nokre ord heilt til slutt må bli at det er veldig givande å møte søndagsskuleborna i Betel. Dei er så snilde! Her er plass til fleire, så velkomne til søndagsskulen!

Årsmøte 2020 i Kyrkjeklokka Bladlag

tekst Knut Sigurd Gald - foto Geir Ståle Vatnamo

Årsmøte 2020 i Kyrkjeklokka Bladlag vart halde tysdag 9. juni 2020 kl 1900 på Nordsida Næringsstove, Ulvedal. På grunn av koronaepidemien, vart det planlagde årsmøtet 2020, den 19. mars, utsett. Det vart no avvikla innanfor dei rammene som Regjeringa har bestemt.

Årsmøtet uttalte viktigheita av å levere stoff/bilete og idear til redaksjonen i Kyrkjeklokka frå sokneråd og frå Kyrkjeleg fellesråd og kyrkjekontor. Gudstenestelista må framleis takast med i bladet p.g.a. generell langtidsplanlegging, både for aktørane og spesielt for gudstenedeltakarane (dåp m.m.). Så held redaktøren fram med å vise til avisa Fjordingen og heimssidene til kyrkjekontora om endringar i gudstenestelista.

Resultatet viste eit underskot kr 107.281,95. På bakgrunn av mellom anna dette gjorde årsmøtet dette vedtaket: Årsmø-

tet går prinsipielt inn for å opne for annonser frå og med utgåve 4 2020, med eit tak på om lag 2 sider pr nr. Styret og redaksjonen arbeider vidare med opplegget som skal presenterast i neste nr.

Etter at avtroppande styreleiar Kari Anne Tisthamar Haveland med personleg vara Møyfrid Sømme Kvamme gjekk ut av styret, vart Geir Ståle Vatnamo vald som styremedlem med personleg vara Erling Briksdal frå sokneråda i Innvik, Olden og Utvik. Elles utgjør styret Knut Sigurd Gald med personleg vara Anne Lødemel Honningsvåg frå sokneråda i Hornindal, Nordsida og Randabygd og Svein Rønne med personleg vara Rolf Knudsen frå sokneråda i Stryn, Oppstryn og Loen.

Knut Sigurd Gald vart vald som styreleiar. Mangearig forretningsfører er John Selmer Skiftesvik.

Olav R. Faleide har takka av som redaktør i Kyrkjeklokka etter mange års solid innsats. Tusen takk Olav.

Vi ynskjer Jarle Hessevik velkommen som ny redaktør, han har allereie levert eit nummer av bladet. Det same til Geir Ståle Vatnamo som får sin redaktørdeby med første utgåva i 2021.



T.v.: Tusen takk for innsatsen til avtroppande styreleiar Kari Anne Tisthamar Haveland. T.h. påtroppande styreleiar Knut Sigurd Gald

Paul - ny mann i utetenesta

I løpet av sommaren har nok mange observert ein ny kar blant gravplassmedarbeidarane. Paul Zuijdam (uttalast 'saudam') kom i vår flyttande til Stryn saman med kona Helga, og vart ei god forsterkning til staben i ein hektisk sommarsesong. Sonen deira flytta til Stryn i 2019, han jobbar som sjåfør hos Thor Tenden Transport. No har og foreldra brote opp frå eit etablert tilvere i Nederland, og ynskjer å busette seg permanent i Norge. Paul rakk ikkje å søke jobb før kyrkjekontoret fekk tips om ein erfaren handy-man som kunne starte på dagen då det vart behov for ein ekstra sommarvikar. Han tok utfordringa på strak arm, og har jobba

heile sommaren. Heile førenamnet hans er Paulus Petrus Johannes, noko som har medført spøkefulle kommentarar om at ein jobb for kyrkja må høve bra for han.

Paul har utdanning innan prosess teknologi, og har lang yrkeserfaring frå stålindustri og kjemisk industri. Dei siste åra har han jobba som sjåfør. Han er ivrig hobbygartnar, og han og Helga håper å kunne finne ein eigedom i området der dei kan dyrke frukt og grønnsaker. Paul har glidd godt inn i staben. Han trivst godt med varierende arbeidsoppgåver, og har sagt ja til å halde fram i eit halvt års vikariat. Det er vi takksame for, og ynskjer Paul velkomen!

KSM



Paul Zuijdam trivst godt med arbeidet på gravplassane. Her nærmar han seg fullført jobb med beising av gjerdet rundt Nedstryn kyrkje og gravplass

Stor takk til Odd Nesdal

tekst: Jorunn Tisthamar - Foto: Geir Ståle Vatnamo

Dåpen er ein stor dag for dei fleste familiar.

I Utvik, som i mange andre sokn, får den som blir døypt ta med seg dåpslyset og dåpslysestaken heim. Ein kan tenne dåpslyset når det passar seg i heimen. Dette som eit minne om dåpsdagen.

Då det begynte å minke på stakane vi har hatt dei siste åra, var det behov for å få tak i nye lysestakar. Odd Nesdal tok på

seg jobben, dreia og laga nye flotte lysestakar. Stakane blei gitt til Utvik sokn som ei gåve.

Vi i Utvik sokneråd vil rette ei stor takk til Odd Nesdal for den flotte gåva.



Friluftsgudsteneste på Brekka

tekst og foto Jorunn Tisthamar

2. august vart det arrangert friluftsgudsteneste på «Brekka» på Utvikfjellet. I samarbeid med Breim sokn blir det kvart år arrangert gudsteneste på Utvikfjellet.

I år var det Utvik sokneråd sin tur til å ha ansvar for arrangementet. Kafeen ved skianlegget er ofte blitt benytta som gudstenestelokale. Men i år grunna Corona pandemien valde Utvik sokneråd at alt skulle foregå utandørs på «Brekka», som er ein gamal stemneplass. I nødstilfelle, viss regnver, kunne vi benytte «Brekkestova».

«Brekkestova» er eit gammalt hus/stove som har stått på Tistam. Huset blei flytta frå Bottolfbruket til Utvikfjellet på begynnelsen av 1900-talet, og er blitt brukt til ulike arrangement opp igjennom åra. Men dessverre var huset no i så dårleg forfatning at det ikkje var tilrådeleg å bruke det.

Til tross for dårlege Vermeldingar valde soknerådet å gjennomføre gudstenesta. Heldig-

vis blei det opphaldsver og sola skein igjennom skydekke. Vi fekk ei fin gudsteneste med sokneprest Harald Runde, Roar Verlo som klokkar, Oddhild Hilde som medliturg og historeioppleisar om Brekkestova, Berit Hage som kyrkjevert og ansvarleg for å skrive opp namn og telefonnummer på frammøtte.

Regnveret vi frykta, kom ikkje før kyrkjelyden var på veg heim.

Takk til alle som møtte opp.



Kva er ein minnelund?

av kyrkjeverje Kari Synnøve Muri

I Oppstryn held planane for ein namna minnelund på å ta form, og når biskopen har godkjent planane og finansieringa er sikra, vil arbeidet bli sett i gong. Fleire av sokneråda planlegg å etablere minnelund på sine gravplassar.

Minnelundar har lenge vore eit tilbod i større byar, og blir gradvis meir vanleg over heile landet. Det kan difor vere greitt å klargjere kva ein minnelund er, og kva som skil ein minnelund frå ein vanleg gravstad.

Ein minnelund er i prinsippet ein felles gravstad, på eit avgrensa område på gravplassen. Der er eit felles monument med plante-felt som gravplassarbeidarane steller, og der er benkar rundt og plass til å sette ned av-skorne blomster og å tenne lys. Det er

vanleg at det blir festa ei enkel namneplate på monumentet, for kvar einskild som blir gravlagd i minnelunden – det blir då omtala som ein «Namna minnelund». Det kan og anleggast anonym minnelund, utan namn. Dei fleste minnelundane er dimensjonerte for urner, men det finst og minnelundar for kister. Minnelunden i Oppstryn er planlagd som namna minnelund for urner.

Minnelunden skal framstå som ein verdig kvilestad, og vil vere eit alternativ til ein tradisjonell gravstad med eige gravminne. Når minnelunden skal nyttast, må ein altså velje kremasjon. Men om ein vel kremasjon kan ein sjølvstilt framleis velje tradisjonell gravstad med eige gravminne.

Det kan vere ulike grunnar for å velje minnelund som den siste kvilestaden. Nokre har få eller ingen pårørande, eller dei bur langt unna, det kan då vere vanskeleg å finne nokon som kan vere festar for grava, iallfall å ta ansvar for stell av grava. I nokre tilfelle har avdøde sjølv ytra ynskje om å bli gravlagd i ein minnelund.

Det har blitt ytra forventning om at ein kan få flytta namnet frå gamle sletta gravminne over på minnelunden sitt monument. Lovverket gjev ikkje høve til det. Det kan ikkje førast på namneplater frå andre enn dei som er gravlagde på minnelunden.

Kyrjeklokka vil følgje opp med meir detaljert informasjon når minnelunden står klar til å bli teken i bruk.



TV-aksjonen 2020 med digitale bøsser

Oddrun Midtbø

Fylkesaksjonskoordinator i Vestland
TV-aksjonen NRK WWF

Tema for 2020:
Kampen mot plast
i havet

registrere deg som
bøsseberarar på
www.blimed.no

Det blir ingen dør-til-dør-aksjon for TV-aksjonen i år. Som resten av verda er også TV-aksjonen prega av koronaen. Målet er likevel å nå ut til alle i heile Noreg.

På grunn av den svært spesielle situasjonen som Noreg og heile verda er i, blir TV-aksjonen i år ein innsamlingsaksjon der ein bruker digitale løysningar. Meir om det mot slutten av artikkelen.

I år er det WWF, Verdas naturfond, som er mottakar av TV-aksjonen. Dei innsamla pengane skal gå til å kjempa mot plast i havet; der plastproblemet er størst. Dei fire landa i Sørøst-Asia; Vietnam, Filippinene, Indonesia og Thailand, står for ein tredel av plastutsleppa i verdas hav. Berre ein prosent av platen i havet flyt på overflata, rundt fem prosent av platen ligg på strendene, medan om lag 94 prosent av platen er under overflata og på havbotnen.

No er havet truga. Kvart år hamnar 8 millionar tonn plast i havet. Det betyr at om lag 15 tonn plast hamnar i havet – kvart minutt. Det kan vera vanskeleg å forestilla seg kor mykje dette faktisk er, men prøv å sjå føre deg ein lastebil som dumpar plastsøppel i havet kvart einaste minutt; døgnet rundt, heile året.

Tema som engasjerer

- Dette er eit tema som engasjerer lokalt og globalt, seier Marthe Jansen, fylkesaksjonsleiar for Vestland. – Det å plukka søppel i nærmiljøet er ein god innsats for miljøet; for dyre- og

menneskelivet. Men skal me klara å få slutt på dei store utsleppa må me få etablert god handtering av avfallet; rett og slett hindra at det blir dumpa i elvar og forureinar land og hav.

Kva er ein digital bøsseberar?

Det er ein annan stor dugnad som alle i Noreg deltek i for tida; hindring av spreiding av korona-smitte. Dette betyr at TV-aksjonen i år må vera kreativ; finna på andre måtar å nå fram til alle som ønskjer å støtta det gode føremålet. Ved å bruka digital bøsser kan absolutt alle delta som bøsseberarar. Du kan registrere deg som bøsseberarar på www.blimed.no frå midten av september, og sitja i di eiga stova og utfordra familie, venner, naboar, bedrifter eller andre til å bli med på din spleis eller vippse inn til aksjonen. Kanskje kan barnebarn hjelpe den eldre generasjonen med dei nye digitale verktøya. Generasjonsmøte er alltid positivt! Det er mange moglegheiter. I tida framover vil det koma mykje meir informasjon og kreative løysingar du kan bli inspirert av.

Alle er velkomne til å delta!

Kvar einaste haust, sidan 1974, har innbyggjarane i Noreg stått saman og støtta opp om TV-aksjonen. Det er ein tradisjon som gjer verda betre. År etter år samlar, engasjerer og rører TV-aksjonen heile nasjonen. Det skaper eit unikt samhald. 18. oktober er den store dagen, som også vil samla folk framfor TV-skjermen – som alltid før.

Ein søndag i året står me saman, løfter i flokk og skaper noko som er større enn oss sjølve. Me ønskjer alle med på laget. Meld deg som digital bøsseberar på www.blimed.no



Dumpa rett i naturen: Dei innsamla pengane i år skal gå til å hindra slike bilete som dette. Land i Sørøst-Asia manglar system for å handtera dei store plast- og søppelmengdene som no blir dumpa rett ut i naturen.



TV-aksjonen er innsamlingsaksjon, men også informasjons- og haldningskampanje. Til beste for heile verda. (Foto: Rafa Elias/Getty Images)

Leirliv på Bombeneset

av Henny Koppen



Hjertehimmel over leirplassen



Patruljebanner

På Folven, nord for elva som svingar seg gjennom landskapet, ligg ei flat, grøn slette. Og bak denne sletta finst eit lite skogholt, med høge tre, store steinar, stiar som tek seg fram der det er mulig, ein gapahuk og nokre

godt brukte utebord.

Etter mange år med leirplass på Bødalsanden i Lodalen, måtte speidarane sjå seg om etter en ny stad å arrangere leir. Vi prøvde oss eitt år på skytebana i Markane, og hadde ein fin leir der, men så fekk vi eit glitrande tilbod av bonden på Folven, Rolf Olav Folven. Han er eigaren til den flotte sletta og området rundt, og som aktiv speidarleiar såg han at her kunne det arrangerast leir. Og leir har det blitt. I 2017 var speidarane der for fyrste gong, og i 2019 var vi tilbake, denne gongen saman med speidarar frå Førde.

Langs utkanten av den store sletta er det god plass for telt, på eit ope område mellom telta er det plass for ballspel og leik, og i bakken ved skogholtet er det rydda til felles arrangement, leirbål og gudsteneste.

Speidarane har ein fast syklus for sommarleirane. Annankvart år deler vi gruppa i to. Dei yngste reiser på Nesholmen saman med leiarane sine, og dei eldste deltek på landsleir eller på krinsleir. Alle dei andre åra har vi gruppeleir, eit tilbod til alle speidarane våre, store og små. Som regel har vi også gjester, speidarar frå andre grupper i Sogn og Fjordane.

Vi bur i telt, kvar patrulje har sitt område og har ansvar for



Steiking av speilegg

matlaging og oppvask til seg sjølv. For å gjere det så komfortabelt som muleg, bygger vi bord og benker av runde stokkar, raier, som vi har fått på plass på førehand. Til eitt bord går det ti stokkar, i tillegg til bordplate som vi legg av fjøler vi har kapp opp på førehand. Hammar og spikar er bannlyst, vi brukar berre tau for å binde byggverket saman. Og då må dette gjerast nøyaktig, fast og rett dersom det skal bli stødig og trygt.

Bygging og matlaging er programpostar i seg sjølv, men i tillegg har vi aktivitetar som alle speidarane er med på, nokre sjølvvalde, nokre som alle deltek i. I løpet av ein helgaleir får speidarane velje to aktivitetar, der målet er å lære noko nytt, til dømes klatring, fisking,

Morgonsong ved flaggstanga

Nå bryter solen frem bak en sky, ære være Gud
Og dagen våkner og blir ny, ære være Gud
Morgen, morgen, kom og syng mens dagen våkner
Ære være Gud med en morgensang

knutar, primitiv matlaging, tur til Segestad, bålbygging, spiking, padling eller plantefarging. Av litt friare aktivitetar kan vi nemne bading, ballspel, natursti eller hinderløype. Det alle er med på er fyrst og fremst leirbåla om kveldane og gudstenesta (Guides and Scouts own) søndag føremiddag. Vi legg stor vekt

på at speidarane sjølv står for programmet, sketsjar, leikar og pantomimer er populære innslag. Songar og rop høyrer sjølvstøtt med. Kvar morgon er det flaggheising, der alle møter presis og i speidardrakt, syng ein morgonsong og får med seg informasjon og ei utfordring for dagen. Her avsluttar vi og leiren,

med speidarbøna og det vi har lov å legge att etter oss, nemleg ingen ting og ei takk til eigaren.

I 2021 er det tid for gruppeleir igjen. Vi er spente på korleis koronautviklinga blir, men håpar det blir muleg å arrangere leir på Bombeneset også neste år.



Bygging av raia



Meir bygging av raia



Plantefarging



Klatring i taustige

50 års jubileum i Nedstryn kyrkje

tekst og foto Margaret V. Flo

Søndag 6.september møttes konfirmantane frå kullet i 1970 til 50 års jubileum i Nedstryn

kyrkje. Dei var opprinnelig 46 stykker. Prest for anledninga var Kjartan Ruset, som vitja si barn-

doms kyrkje og nytta anledninga til å helse på gamle kjente og friske opp minner.



Framme frå v: Prest Kjartan Ruset, Norunn Juklestad, Randi Tenden, Liv Muladal, Randi Ytreeide, Jorill Bøe, Åse Sætre Bergset, Inger Else Myklebust Røed, Karin Sandbakk.

2. rad: Liv Anne Kirkeeide, Randi Nesje Kråkenes, Oddbjørg Sunde, Helge Sunde, Per Lunde, Ove Per Sunde,

3. rad: Morten Lunde, Olav Langeset, Olav Auflem, John Sandvik, Rune Berstad, Otto Raudi, André Røyset



Sundshaugen i Olden

Friluftsgudsteneste på Sundshaugen i Olden

Tekst og bilete: Reidun Brynestad

Søndag 21. juni var datoen for den årlege friluftsgudstenesta. Folket i grenda hadde, som alltid, sytt for at stemneplassen var nyslegen og rydda, flagget var heist, og at der var ekstra stolar, om nokon ikkje hadde med sin eigen.

Dei 35 som hadde funne vegen denne dagen, kunne sette seg og nyte den fine utsikta innover Oldevatnet mot Melkevollbreen. Velkomstorda var det Kjellaug Molnes som stod for, ho var medliturg denne dagen.

Sokneprest Harald Runde leia gudstenesta. Salmane klang godt når vi var sopass mange, og under talen fekk presten "hjelp" av nokre fuglar i ein tretopp, som prøvde etter beste evne å overdøye han!

Ei fin stund, der vèrgudane var på vår side. Det regna både før og etter gudstenesta, men vi fekk ikkje ein dråpe på oss.

Kyrkjekaffi er alltid populært, spesielt ute i Guds frie natur. Nokre hadde med seg sjølve, men folket i grenda hadde sytt for at alle fekk.

Takk for denne gongen, og takk til grendafolket som velvilleg gjer denne tradisjonen mogeleg.



Kyrkjelyden på plass på Sundshaugen



Flott "altertavle" innover Oldevatnet mot Melkevollbreen

Stevia med Jon Are Steen og Andrea Vinsrygg Steen

tekst Reidun Brynstad - foto Margaret V. Flo

Olden har hatt som tradisjon og ha konsert i gamlekyrkja under Oldedagane. På grunn av koronasituasjonen vart det ikkje Oldedagar i år, men soknerådet hadde artistar klar, og vi bestemte oss for å halde konsert, men i nyekyrkja denne gongen.

Søndag 5.juli kunne soknerådsleiaren ønskje velkomne til 50 frammøtte.

Stevia er ei gruppe på tre damer frå Markane, Gunhild Sindre, Bente Flore og Ingrid Wangenstein Flore. Dei fann kvarandre då dei skulle lage program til ein bygdakveld i Skogstjerna, og sidan har dei halde fram samarbeidet.

Denne gongen hadde dei fått med seg Jon Are Steen og dottera hans, Andrea Vinsrygg Steen frå Stryn. Dei kunne by på eit svært variert repertoar, med ei god blanding av norsk, svensk, irsk og engelsk musikk. Vi kan nemne *Ut i vår hage* (folketone frå Gotland), *Sound of Silence* (Simon and Garfunkel), *Årringar* (frå musikalen v/Sagedammen, av Torstein Tvinnereim og J.A. Steen), *Den dag kjem aldri* (A.O. Vinje) og *Bruremarsj etter Bendik Brynstad*.

Desse damene har stemmer som kler kvarandre, og det vart stemningsfullt og vakkert. Rolege, vare melodiar avløyst av friskare takter, gjorde at både tårene og låtten kom. Gunhild trakterte fela si innimellom, og sette ein spiss på det heile. Samspelet i lag med dei to frå Stryn var veldig flott, og vi høyrer gjerne meir av dette.

Jon Are er i ei klasse for seg, og eplet fell ikkje langt frå stammen, for Andrea har ei vakker stemme. Når dei framførte "Årringar" var gåsehudfaktoren stor.

Eit kulturelt sveltefora publikum kvitterte for konserten med ståande applaus, og ekstra-nummer måtte til.

Tusen takk for ein flott konsert. De er hjarteleg velkomne tilbake ved seinare høve.



F.v. soknerådsleiar Reidun Brynstad, vidare Stevia; Gunhild Sindre, Bente Flore og Ingrid Wangenstein Flore



F.v. på fele Gunhild Sindre, Andrea Vinsrygg Steen og Jon Are Steen



Kveldens underholdara i Olden kyrkje Gunhild Sindre, Bente Flore, Ingrid Wangenstein Flore, Jon Are Steen og Andrea Vinsrygg Steen



Ferdaskrinet

dikt av Jan-Magnus Bruheim

Då eg drog ut på ferda mi
så fekk eg med eit ferdaskrin
å gøyme gode minne i.
Og når eg opnar loket
så ligg dei der og skin.

Der gøymer eg kvart smil eg fekk
og alle varme, gode ord
og ser att vegen som eg gjekk
i lag med sysken, far og mor.

Når det blir skumt som i ei grav
og mørkeret står og seier nei,
då tek eg atter loket av.
Der skin dei ljose minne
og lyser langan lei.



Kristin Solli Schøien er en norsk visedikter, komponist og sanger som er særlig kjent for salmene sine og kulturformidling i kirken. Kristin Solli Schøien gjorde seg tidlig bemerket med tekst og musikk til egne viser med kristent innhold.

Wikipedia

Fødselsdato: 14. juli 1954

Å skulle velje ein salme, er nesten ikkje mogleg. Når eg blar meg gjennom salmeboka ser eg ansikt, kjenner stemningar, og finn tekstar som har betydd mykje for meg i ulike fasar av livet og som fortsatt betyr mykje for meg. Det vert nesten som ei reise gjennom livs og trushistoria mi.

Akkurat i dag er det denne salmen av Kristin Solli Schøien eg stoppar opp ved, og som ikkje slepp taket. Første gong eg song den, må eg ha vore 16-17 år. Eg gjekk på LIV kurs som var eit leiarkurs eg fekk gjennom Ten Sing. Det var viktige år i mitt liv, der eg fekk bli tryggare både på meg sjølv og på trua.

Salmen er ein av dei nye salmane som fekk plass i salmeboka. Den vart skriven til 100 årsjubileum til Norges KFUK i 1993. Trekanten i logoen til KFUK-KFUM symboliserer ånd, sjel og kropp, og dei elementa finn du tydeleg igjen i salmen her.

Her er eg Herre, med heile meg, på godt og vondt. Ikkje berre med trua, men med heile livet.

Eg trur kanskje det er det som rører meg med denne salmen. At eg kan få komme med alt, med tårene mine, med det som gjer vondt i livet mitt, men også med alt det gode som ligg i meg. Eg ser den unge, stille og forsiktige utgåva av meg sjølv, som gjennom det trygge miljøet i Ten Sing fekk utvikle meg både som leiar og forkynnar. Gud har plass for og bruk for heile meg, med alt det eg er, men og med det eg ikkje er...



Min salme

av

Beate Nes

Her er jeg Herre, med min ånd for dine øyne

T / M: Kristin Solli Schøien 1993

Salmeboka nr. 437

1. Her er jeg Herre, med min ånd for dine øyne,
med mine grenser og min fantasi.
Vær du den eneste jeg frykter når jeg lever
mitt liv i vekst med sang og tårer i.

Refr. Du gav meg livet litt, og jorden og de andre,
og du er avhengig av hånden min.
for å gi omsorg, for å bygge og forandre.
I dine muligheter kan jeg trygt gå inn,
For makten og æren er din.

2. Her er jeg, Herre, med min sjel for dine øyne,
med dager fylt av det jeg vil og er.
Ta bort min skyld. Vær du min trygghet så jeg møter
min dag i tillit, uten forsvar her.

Refr. Du gav meg livet litt, og jorden og de andre,
og du er avhengig av hånden min.
for å gi omsorg, for å bygge og forandre.
I dine muligheter kan jeg trygt gå inn,
For makten og æren er din.

3. Her er jeg Herre, med min kropp for dine øyne,
med alle krav, behov og lengsler i.
Ta fra meg mismot og bekymring. Skap meg fortsatt
hver dag til lek og arbeid, sterk og fri.

Refr. Du gav meg livet litt, og jorden og de andre,
og du er avhengig av hånden min.
for å gi omsorg, for å bygge og forandre.
I dine muligheter kan jeg trygt gå inn,
For makten og æren er din.

Ein anna ting eg likar med denne salmen er den doble gjensidigheita:

Gud har plass for meg og han har bruk for meg i møte med andre,
og eg treng hans omsorg, nåde og kjærleik.

Du gav meg livet litt, og jorden og de andre,
og du er avhengig av hånden min,
for å gi omsorg, for å bygge og forandre.
I dine muligheter kan jeg trygt gå inn,
For makten og æren er din.



Oddny under open himmel

~
Av
Oddny
Torheim
~



Mor og morsrolla

Ordet mor eller mamma som dagens born kallar ho, gjev oss mange tankar og kjensler.

Det er berre kvinna som har fått dette oppdraget å verta mor. Kvar mor har fått denne store oppgåva lagt i sine hender.

I eit minneord skreiv ein: *"Takk mor fordi du gav meg livet! Gud er skaparen, men mor og far vart brukte, så livet vaks fram. Mor gav kimen næring, varme og vern dei første ni månadene. Eit hjelpelaust barn vart fødd og laut takast hand om. Mor var den nærmaste til å gjera det"*.

Ludvik Hope har skildra mor si omsorg med fagre ord: *"Mor, ja mor, verdens beste kvinne! Ho bles varme i mine frosne fingrar, ho tok av meg dei våte, stivfrosne kleda og la meg i senga og tørka tåra. Ho spann og bøtte når andre sov, og var likevel på tunet når sola rann. Ho lærte oss julesongane medan rokkehjulet sveiv, og las fadervår før vi blunda. Ho streika aldri endå ingen gav ho løn, og få takka henne når veka var slutt."*

Du velsigna mor! Du er hjarta og ryggmargen i heim og fedreland. Når du vert trakka på og vanvørd, då har vi ingen heim, inkje fedreland meir".



Dette var morsrolla for snart hundre år sidan.

Morsrolla har endra seg. No vert dei fleste born fødde på sjukehus. I dag skal det vere likestilling. Dei fleste kvinnene er i arbeid utan for heimen. Dei får morspermisjon, og noko av permisjonen går til faren. Så overtek barnehage pass, stell og læring, men heimen er likevel den viktigaste staden for barnet. Der skal det få mat, klede, stell og nærkontakt av foreldra eller omsorgspersonar.

Kleda kan kjøpast, mykje ferdiglaga mat kjem frå butikken, varmepumpa lagar husvarme, men nærkontakt og kjærleik kan ikkje kjøpast, det må gjevast.

Ingen kan påverke barnet som mora. Bjørnstjerne Bjørnson sa det slik: *"En moder føder ikke sitt barn bare kun den ene gang, men tusinde gange."*

Kvinne - Sjå stort på morsrolla og ta den alvorleg! Det er mor som er den store læremeisteren og rollefiguren, særleg for jentene, men lat meg streke under at far er like viktig.

Mange tårer trengst tørkast også i dag, og eit fadervår på sengekanten gjev tryggleik, ro og tru.

Lat borna få føla kor trygt dei kan kome til dykk med alt. Ikkje alt kan de svare på, men lat dei få kjenne hjartelag og forståing.

Barneåra går så alt for fort. Ungdomsåra kjem. Framleis må

heimen vere ein trygg stad å vere og kome til for å få hjelp og gode råd.

For foreldra er det stort å få oppleve at borna vert nyttige menneske som fyller ein plass i livet.

Lat ikkje borna bli utsette for vold, overgrep eller omsorgsvikt! Samfunnet og vi alle må motarbeide det. Lat oss verne om borna og heimane!

Eg vil avslutte desse tankane med to kjende vers frå Bibelen: *"Kan ei kvinne gløyma sitt diande barn, ei omsorgsfull mor det barnet ho bar? Sjølv om dei skulle gløyma, skal ikkje eg gløyma deg"*. Dette står i Jesaja 49.15, og i Salme 127.3 står det: *"Born er ei gåve frå HERREN, livsfrukt er ei løn"*.

Lat oss takka og æra foreldra!



"Tida vi gjev kvarandre, er mykje viktigare enn dei tinga vi gjev kvarandre"



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa "Fjordingen".

Sjå også heimesida: stryn.kyrkja.no og på facebook: Kyrkje i Indre Nordfjord
Heimeside: www.volda.kyrkja.no

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i ei av dei andre kyrkjene.

26. september; laurdag

- Nedstryn 11:00 og 13:00

Konfirmasjonar

- Oppstryn 11:00

Konfirmasjon, med konfirman-
tar frå Nedstryn

- Randabygd 11:00

Konfirmasjon

27. september;

17. s i treeiningstida – Joh 11,
17-29 og/eller 30-46

- Nedstryn 11:00 og 13:00

Haustrakkefest. Utdeling av 4
årsbok

- Olden 11:00 Haustrakkefest.

Utdeling av 4 årsbok

- Nordsida 11:00 Haustrakke-
fest. Utdeling av 4 årsbok

- Hornindal 11:00 Gudsteneste.

03. oktober; laurdag

- Loen 11:00 Konfirmasjon

- Olden 10:00 og 12:00 Konfir-
masjonar

- Hornindal 10:00 og 12:00

Konfirmasjonar

04. oktober;

18. s i treeiningstida – Matt 8,
14-17

- Nedstryn 11:00 Konfirmasjon

- Innvik 11:00 Konfirmasjon

- Nordsida 11:00 Konfirmasjon

10. oktober; laurdag

- Oppstryn 11:00 Konfirmasjon

- Nedstryn 11:00 og 13:00 Kon-
firmasjonar

- Utvik 11:00 Konfirmasjon

11. oktober;

19. s i treeiningstida – Matt 5,
20-29

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste

- Olden 11:00 Gudsteneste

- Oppstryn 20:00 Salmekveld

18. oktober;

20. s i treeiningstida – Joh 11, 1-5

- Loen 11:00 Haustrakkefest.

Utdeling av 4 årsbok

- Hornindal 11:00 Familiegud-
steneste / haustrakkefest

25. oktober;

Bots- og bønedaag – Luk 13, 22-
30

- Oppstryn 11:00 Haustrakke-

fest. Utdeling av 4 årsbok

- Innvik 11:00 Gudsteneste

- Nordsida 11:00 Gudsteneste

01. november; Helgemessesøn- dag –

Matt 5, 1-12 Minnedag – Joh 6,
37-40

- Nedstryn 11:00 Helgemesse.

Minnedag

- Utvik 11:00 Gudsteneste

- Randabygd 11:00 Haustrakke-
fest. Utdeling av 4 årsbok

- Loen 18:00 Salmekveld

- Nordsida 20:00 Helgemesse.

Minnedag. For Randabygd og
Nordsida

- Hornindal 20:00 Helgemesse.
Minnedag

08. november;

23. s i treeiningstida – Mark 10,
28-31

- Olden 11:00 Gudsteneste. Ved
Harald Runde

15. november;

24. s i treeiningstida – Joh 6,
63-69

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste

- Hornindal 11:00 Gudsteneste

22. november; Domssøndag /

Kristi kongedag –

Matt 25, 31-46

- Oppstryn 11:00 LysVakengud-
steneste

- Innvik 11:00 Gudsteneste. Ved
Harald Runde

29. november; 1. s i adventstida

– Luk 4, 16-22a

- Nedstryn 11:00 LysVakengud-
steneste

- Loen 11:00 Gudsteneste

- Utvik 11:00 LysVakengudste-
neste

- Nordsida 11:00 Gudsteneste

06. desember; 2. s i adventstida

– Luk 21, 27-39

- Olden 11:00 Gudsteneste

- Hornindal 11:00 Gudsteneste

- Grendahuset, Randabygd
12:00 Basargudsteneste

12. desember; laurdag

- Oppstryn 20:00 Julekonsert

13. desember; 3. s i adventstida

– Luk 3, 7-18

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste

- Utvik 16:00 Julekonsert

- Loen 18:00 Julekonsert

- Innvik 18:00 Julekonsert

Vi les

Bibel saman!



Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjelokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

«Kva vil du at eg skal gjera for deg?»

av Beate Nes

Jesus og venene hans var ofte ute på reise. No var dei i Jeriko. Som alltid var det mange som ville vere saman med Jesus og høyre på det han hadde å fortelle. Bartimeus var ein av dei som gjerne ville møte Jesus. Men han var blind, og kom seg ingen plass. Han var alltid avhengig av hjelp, og det var ingen som hadde tid til å følge han til Jesus. Alt han kunne gjere var å sitte der ved vegen og tigge.

Denne dagen var det så stille i byen, var alle reist for å vere saman med Jesus?

Bartimeus hadde nesten sovna der han sat, men skvatt til då han hørde mange menneske som prata og lo. Kunne det vere Jesus som var på veg? Ja, det måtte det vere!

Bartimeus satt i å rope: «Jesus, du Davids son, miskunna deg over meg!» Det var som om alt i han skreik, Jesus, ser du meg? Eg treng di hjelp.

Plutselig var det mange menneske rundt Bartimeus, men det var ingen av dei som hjelpa han. Dei bad han heller vere stille, men han ropa berre endå høgare: «Jesus, du Davids son, miskunna deg over meg!»

Då stogga Jesus og sa: «Rop på han!» Dei ropa på den blinde og sa til han: «Ver ved godt mot! Reis deg opp! Jesus vil snakke med deg.»

Bartimeus kasta av seg kappa, spratt opp og kom bort til Jesus. Jesus tok han i handa og sa: «Kva vil du at eg skal gjera for deg?» Bartimeus trengte ikkje tenke: «Rabbuni, lat meg få att synet!» sa han

Det vart heilt stille, før Jesus sa: «Gå du! Trua di har frelst deg.» Med det same kunne Bartimeus sjå! Han kunne sjå dei menneska han berre kjente stemmen til, han kunne sjå byen sin, og han kunne sjå Jesus!


Den dagen bestemte han seg for å følge Jesus på vegen, og han fortalte ofte om det spørsmålet, som hadde endra livet hans.

Mark 10,46-52

Til samtale

Kva vil du eg skal gjere for deg, spurde Jesus. Kva ville du ha svart, om Jesus stilte deg det spørsmålet?

Kanskje kan vi bli flinkare til å stille det same spørsmålet til menneske vi har rundt oss. «Kva vil du eg skal gjere for deg?» Kjenner du nokon du kan hjelpe i dag?





Slekt
skal følgje
slekters
gang



Frå kyrkjebøkene

Sokna Innvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Stryn - Loen - Oppstryn

Nordsida

Døyppte

04.07 *Anders Bakken Bøe*

For. Silje Bakken og Vegar Sætren Bøe

26.07 *Eliah Bergset Mandal*

For. Ane og Thomas Bergset Mandal

Vigde

04.07 Silje Bakken og Vegar Sætren Bøe

Døde

06.06 Vidar Bergset f. 1928

Randabygd

Vigde

25.07 Hannah Jade Constable og Stig Arve Hopland

Hornindal

Døyppte

05.07 *Anders Olav Tvinnerheim Kroken*

For. Linda Mari Lillestøl

Tvinnerheim og Tarjei Kroken

05.07 *Celine Kirkhorn Tungevåg*

For. Annelen Kirkhorn Melsåsen

og Martin Severin Tungevåg

30.08 *Trym Haugen*

For Beate Lillestøl og Stian

Kristoffer Haugen

30.08 *Emrik Seljeset Sævik*

For. Lone Seljeset og Sondre

Andersen Sævik

Døde

14.06 Steffen Leif Heggen f. 1935

01.08 Perdy Anny Flåm f. 1942

16.08 Leif Taraldset f. 1929

20.08 Rasmus Albert Kirkhorn f. 1929

28.08 Kåra Kjøs Otterdal f. 1938

Utvik 2019 - 2020

Døyppte

23.08 *Alma Marie Bjerknes*

For. Cathinka Marie Digranes

Linnes og Thomas Bjerknes

Olden 2019

Vigde

20.06 Siv Malin Steinsåker Nesje

og Fredrik Voldsund

Døde

05.06 Anders Briksdal f. 1938

Innvik 2019 - 2020

Døyppte

30.08 *Theodor Tveneseter Eide*

For. Sofie Solheim Eide og Rune

Tveneseter

Vigde

15.07 Sylvi-Anne Tøsse og

Dag Erling Matthiassen Mørch

01.08 Madelen Bjørgvik Nilsen og

Kim Sebastian Lindmark

Døde

06.06 Norbert Walter Lundberg f.

1957

18.06 Kjellaug Heggdal f. 1923

11.07 Eva Amalie Reme f. 1936

Loen 2019 - 2020

Døyppte

21.06 *Olivia Hansen Sæten*

For. Jonette Hamre Hansen og

Stian Sæten

27.06 *Ava Rake Tenden*

For. Kamilla Katrin Rake og Son-

dre André Tenden

27.06 *Matheo Myren Bergh*

For. Cecilie Westervik Myren og

Trygve Bergh Lande

18.07 *Linnèa Kvamme-Opheim*

For. Anette Kvamme og Leif Otto

Opheim

22.08 *Alena Kralovicsova*

22.08 *Dominik Královics*

For. Alena Kralovicsova og Kamil

Kralovics

22.08 *Viven Karina Královicsová*

For. Alena Kralovicsova og Kamil

Kralovics

Vigde

27.06 Kristiane Runde og Isak

Husøy

08.08 Inger Stensvand Tenden og

Ola Laksnes Breistrand

22.08 Tone Visnes Storsveen og

Johnny André Lexau

Døde

13.06 Harald Sæten f. 1941

02.08 Jenny Petra Rake f. 1933

07.08 Laila Litland Sæten f. 1935

Nedstryn 2019 - 2020

Døyppte

20.06 *Lavrans Fannemel Vik*

For. Anne Siri Vik og Sindre Elve-

gård Fannemel

21.06 *Agnes Ulvedal Nesje*

For. Marita Ulvedal og Håvard

Johan Nesje

21.06 *Anna Lefdal*

For. Elisabeth Heltne Verpeide og

Adrian Lefdal

11.07 *Andreas Flo Foss*

For. Hege Flo og Peder Bye Foss

23.08 *Oda Fatnes Nedberge*

For. Kristine Fatnes Nedberge

og Kristoffer Nedberge. Døyppt i

Lærdal

29.08 *Malvin Vadøy Lindvik*

For. Marlene Frøyen Vadøy og

Michael Lindvik

Vigde

11.07 Haldis Bakkemoen og Bjørn

Magnus Rørtveit

11.07 Ingrid Andersen Heieren og

Elling Sølberg

08.08 Alice Margrethe Norlie og

Jarle Willy Lindvik

Døde

10.06 Arne Hool f. 1951

24.07 Margrete Karstad Lysø f.

1930

04.08 Erling Nybø f. 1930

18.08 Magnar Skrede f. 1944

Døpte

04.07 Edvin Døving Flo

For. Ida Døving Olsen og Ole Christian Flo

11.07 Aslaug Marie Bratshaug Glosvik

For. Monica Bratshaug Glosvik og Magnus Arne Glosvik

11.07 Tomine Marie Hjeltnes-Rudning

For. Cecilia Kathinka Trærud Hjeltnes og Kjetil Andre Rudning

12.07 Elvira Sundgot Greidung

For. Benedicte Sundgot Greidung og John-Eirik Greidung

Døde

08.08 Leif Mork f. 1923

Treng du kyrkjeskyss?


Soknerådet i Nedstryn vil organisere skyss for dei som treng det.

Dersom du vil vere med på denne ordninga kan du ringe til Henny Koppen 916 01 630 eller Svein Rønne 404 17 268.



- Nei, du vart ikkje "lasta ned"....
Du vart "fødd".....

KAFFEKROKEN





Informasjon/ Full distribusjon

Returadresse: Rindane 6, 6788 Olden

Kyrkjebøkene er viktige

av Inge Fænn

Både Kyrkjelokka og kyrkjebøkene for Innvik og Stryn er viktig grunnlagsmateriale for arbeidet med nye bygdebøker for Stryn kommune, seier bygdebokforfattar Gaute Losnegård. *Han minner også om svar på registreringsskjema til første bind. Dei er utsende, men førebels er det berre vel ein tredjedel som har svart.*

Det er snart eitt år sidan Stryn Historielag og Gaute Losnegård skreiv avtale om nye bygdebøker for Stryn kommune, og med tilsagn om støtte frå Stryn kommune er arbeidet i gang. Heile prosjektet er kostnadsrekna til vel seks millionar medrekna trykking, og første bandet kjem til jul 2022.

Verket er planlagt i fem bind med grende-, gards- og slekts-soge. Bind 1 omfattar Markane/Faleide, Blakset/Fjelli og Randabygda med Hopland. Andre bindet vert Vikane, så kjem Olden/Oldedalen, deretter Oppstryn og Loen i eitt band, og til slutt Nedstryn.

Kvar grend skal få si eiga generelle soge på 50 – 70 sider. Busetnads- og slekts-soga skal sorterast under kvar matrikkelgard og kvart bruk. Busetnads-

og slekts-soga skal ta til kring 1850 og først så langt fram som råd til notida.

-Det blir eit krevjande og spennande arbeid, seier leiaren i bygdeboknemnda, Inge Fænn. Han vonar at bygdefolket vil stille opp både som kjelder og som kjøparar. Meininga er å starte førehandssal for å skaffe kapital. Vona er at det også vil kome litt gaver frå interesserte etter kvart. Førebels er det ei bygdeboknemnd samansett av eldsjeler, men på årsmøtet til Stryn Historielag seinare i haust, vil det bli gjort val slik at alle deler av kommunen kan kome med i ar-

beidet. Etter kvart som arbeidet går fram vil det også bli nemnt opp grendautval til hjelp både for nemnda og for bygdebokforfattaren.

Etter at arbeidet med bygdeboknemnda kom i gang, kan Stryn Historielag glede seg over ein kraftig auke i medlemsflokkjen, som no er på knapt hundre, fortel leiaren Vigdis Wiik Jakobsen. Ho og Kristin Hatledal representerar historielaget i nemnda. Dei andre er Harald Risnes som økonomiansvarleg, Peder Verlo og Jon Tvinnereim.



Bygdebokforfattar
Gaute Losnegård

Du kan levere utfylt skjema på Stryn Bibliotek.

For dei med tilgang til datamaskin, kan du gå inn på Stryn kommune si heimeside, der finn du skjemaet under eiga fane "Bygdebok" under "Kultur, idrett og fritid" "Strynesoga, den nye bygdeboka for Stryn"

Neste nummer får du i posten rundt 25. november. Redaktør vert Jarle Hessevik.

Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: jarle.hessevik@enivest.net innan 23. oktober.